



## Referat frå kommunemøte torsdag 24. juni 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen.

**Ikkje til stades:** Aurland, Austevoll, Gulen, Luster, Lærdal, Solund, Stryn, Ullensvang, Ulvik, Voss og Årdal.

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

### Innhald

1.	Informasjonssaker .....	1
2.	Koronasertifikat for ikkje-digitale brukarar.....	2
3.	Gjenopningsplan trinn 3 .....	3
4.	Høve til å prioritere vaksinasjon av tilsette i barnehage, skule og SFO før skulestart .....	3
	Are Stuwitz Berg – FHI .....	3
5.	Sjukdomspulsen.....	4
	Gry Grøneng, FHI .....	4
6.	Vaksine .....	4
7.	Endringsforskrift om unnatak for beskytta helsepersonell .....	5
8.	Koronasertifikat klart i EU/EØS-versjon (Sjur/Jon).....	5
9.	Smittevern ved besøk i kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar .....	5
10.	Smittevernkonferanse hausten 2021 - Skabbutbrot.....	6
11.	Epidemiologisk rapport .....	6

### 1. Informasjonssaker

#### Kommunemøte i sommar

Som tidlegare informert om har vi eitt kommunemøte igjen før sommaren, torsdag 1. juli. Første møte etter sommaren blir torsdag 12. august. Vi har vanleg beredskap gjennom heile sommaren, og vurderer under vegs om det kan vere aktuelt å kalle inn til ad hoc-møte.

Vi oppmodar kommunane om å ha ein låg terskel for å melde frå til oss når det måtte dukke opp spesielle problemstillingar.

#### Rapportering i sommar

Vekerapportering:

- Det er svært viktig at alle kommunane rapporterer kvar veke.
- Rapporteringsskjema for sommaren er forenkla frå og med veke 26 (rapporteringsfrist 28.06.21 kl. 12.00)



## Statsforvaltaren i Vestland

- Rapporteringspunktet “Utfordringar” - helseområde kommunen opplever som utfordrande eller kritisk. Her blir kommunane bedt om å ha særleg merksemeld på kapasitet til smittesporing, testing og vaksinasjon.
- Kommunane kan sjølvslagt også rapportere om andre område som er utfordrande eller kritiske.
- For å få tilgang til rapporteringsløysinga må ev. vikarar søke om rolle på vegner av kommunen, og Statsfotvaltaren går deretter gjennom og godkjenner rolleførespurnaden. Denne lenkja skildrar korleis ein går fram for å få tilgang til rapporteringsløysinga:  
<https://rapportering.fylkesmannen.no/Content/Docs/Brukerveiledning.pdf>

Alt-inn-rapportering:

- Rapportering på lager og forbruk av smittevernustyr vert innstilt.
- Rapportering på kapasitet i smittesporing (TISK-kapasitet) vert innstilt.
- Vi minner elles om at rapportering på smittevernustyr er frivillig.
- Rapportering/bestilling av hurtigtestar i Altinn består. Dette er ein sentral mekanisme for bestilling av testar og vi har ikkje ei alternativ løysing på denne sida av sommaren.
- Tilgang for vikarar i sommar: innlogging med vedkommandes eigen Altinn/MinID/BankID-brukar i Altinn:  
<https://www.altinn.no/Pages/ServiceEngine/Start/StartService.aspx?ServiceEditionCode=1&ServiceCode=5537>

### Informasjon fra Statsforvaltaren i sommar

Vi minner om at det er mogleg å registrere e-postadresser til personar som de ønskjer skal få informasjon frå oss på e-post i sommar (dvs. i tillegg til dei mottakarane som får informasjon i dag).

## 2. Koronasertifikat for ikkje-digitale brukarar

Det er estimert at i overkant av 100 000 innbyggjarar i landet av ulike årsaker ikkje kan/er i stand til å bruke det digitale koronasertifikatet frå helsenorge.no. Det er no klar ei løysing for koronasertifikatet for dei som ikkje kan bruke PC, mobiltelefon eller nettbrett.

Frå i dag er det råd for desse å ringe Helfo og få tilsendt koronasertifikatet i posten (frå Noreg 815 55 015, frå utlandet: +47 21 89 80 42). Når dei ringer informasjonstelefonen/Helfo, må dei gje opp personnummer, og så vil koronasertifikatet verte sendt til folkeregistrert adresse (det vert ikkje mogleg å sende sertifikatet til andre adresser).

Dei oppgir fødsels- eller d-nummer, namn og folkeregistrerte adresse. Dersom opplysningane samsvarer med det som er folkeregistrert, og personen har gyldig koronasertifikat vil dei få det sendt per post. Det kan ta opp til mot ei veke. Gyldigheitsdato for koronasertifikatet er den same som for digitalt utgåve (90 dagar).

<https://www.helsedirektoratet.no/nyheter/koronasertifikat-for-ikke-digitale-brukere-er-klart-pa-torsdag>



### 3. Gjenopningsplan trinn 3

FHI understreka i møtet med statsforvaltarane i går, at det framleis er ei god utvikling i smittesituasjonen. Det er framleis eit lågt tal positive prøvar blant dei som vert testa, og det er nedgang i talet nye pasientar på sjukehusa. I førre veke var det ingen koronarelaterte dødsfall.

I samband med gjenopning trinn 3 har det kome ein del forskriftsendringar. Vi sendte ut endringsforskrift om m.a. arrangement fredag ettermiddag. Vi går ikkje inn på i detaljane i endringane, men oppmodar om at det tar kontakt med oss viss de har spørsmål.

### 4. Høve til å prioritere vaksinasjon av tilsette i barnehage, skule og SFO før skulestart

Vi har fått spørsmål frå fleire kommunar om dette temaet, etter at kunnskaps- og integreringsminister Guri Melby var i media om dette tidleg i veka. Regjeringa seier at kommunane kan velje å prioritere tilsette i barnehagar, skular og SFO, etter at helsepersonell og risikogruppene er vaksinert. Regjeringa vil legge til rette for at flest mogleg er beskytta til barnehage- og skulestart til hausten.

Vi fekk i går opplyst at FHI ville sende eit informasjonsbrev til kommunane, vi forstår det slik at brevet er planlagt sendt ut i dag. Vi har med oss Are Stuwitz Berg frå FHI i møtet som vil gi ei kort orientering og svare på spørsmål.

#### Are Stuwitz Berg – FHI

Informasjonsbrevet er godkjent og sendast ut til kommunane i ettermiddag. Brevet tek føre seg tre punkt:

- 1: høve til å vaksinere tilsette i barnehage, skule og SFO før skulestart
- 2: vaksinering av studentar
- 3: informasjon om doser utover sommaren

Det har vore ein krevjande jobb med å fordele desse dosane. Geografisk omfordeling av vaksine vert avslutta i veka 28, men det blei ei forseinking. Vi må framleis halde oss til 12 vekers doseintervallet frå prioritettingsgruppe 8 og nedover. For at flest mogleg skal bli beskytta så raskt som mogleg, har ein opna for å gje Pfizer som dose 1 og Moderna (Spikevax) som dose 2.

Studentvaksinering: Dose 1 blir gitt i kommunen studenten er folkeregistrert. Dose 2 vil bli gitt til studiekommunane, som vil få auka tildeling av vaksinar forventa auka etterspørsel p.g.a. dette. FHI arbeider no med å få talgrunnlag her. Med studieinstitusjon meinast alle, fagskular, høgskular, heile spekteret. Det kan vere vanskeleg å identifisere studentane – ein måte kan vere at kommunane opnar for at studentane registrerer seg, eller studiestad kan hjelpe til.

Høvet til å prioriterer tilsette i skule/SFO og barnehage: Det er presisert i informasjonsbrevet at dette gjeld tilsette med barnekontakt, dei som faktisk arbeider med borna og ikkje dei rundt. Dette er ei moglegheit, ikkje eit krav. Dette må òg følgje institusjon, altså kvar den tilsette arbeider og ikkje kvar den tilsette bur. Dette gjeld både barnehagar/skular/SFO og vidaregåande skular.

Høvet til å prioritere tilsette i skule/SFO/BHG føreset at kommunen er ferdig med å vaksinere risikogrupper og utvald/kritisk helsepersonell. Det er tilstrekkeleg at desse to gruppene har fått tilbod om første dose. Det er ikkje slik at alt helsepersonell skal vere vaksinert før ev. prioritering, då det gjeld utvald/kritisk helsepersonell.



## Statsforvaltaren i Vestland

De finn meir informasjon i brevet frå FHI.

FHI har publisert ein artikkel om temaet:

<https://www.fhi.no/nyheter/2021/apner-opp-for-a-prioritere-ansatte-i-barnehager-og-skoler-i-vaksinekoen/>

### 5. Sjukdomspulsen

Vi har fått førespurnad frå Sjukdomspulsen der dei melde i frå om at det er ein del kommuneoverlegar som ikkje har teke i bruk Sjukdomspulsen (vi veit ikkje om dette gjeld kommunar i Vestland).

Gry Grøneng, FHI

Sjukdomspulsen er ei nettside som er laga spesielt for kommuneoverlegar, der ein kan følgje med på sin eigen kommune og elles i landet.

<https://www.fhi.no/hn/statistikk/sykdomspulsen/>

- Nettsida inneholder blant anna kommuneoversikt, vaksinasjonsfane, risikonivå, samanlikning av fylker, kommunar m.m., og modellering.
- Nytt på sida – fått inn oversikt over mobildatatrafikk, slik at ein kan sjå mobiliteten til innbyggjarar.
- Håpar å få inn data som viser under fem/indirekte sensitiv data. Kanskje til hausten. Sjukeheimsdata, høyrt at er viktig for kommunane.
- Sender ut eit spørjeskjema etter sommaren til alle kommuneoverlegar. Ønskjer å vite om kommuneoverlegane treng sjukdomspulsen, kva dei treng det til, med meir.

De kan sende e-post til [sykdomspulsen@fhi.no](mailto:sykdomspulsen@fhi.no) om det er spørsmål eller problem med tilgang m.m.

### 6. Vaksine

#### Fordeling i sommar

Vi er klar over at det i fleire veker no har vore sagt at det skal kome tal for fordeling av vaksinar i sommar, og kan ikkje anna enn å beklage at dette framleis ikkje er på plass. Grunnen er at FHI har måtte gjere om på dette fleire gonger grunna stadige endringar i leveransar og prioriteringar. Are Stuwitz Berg orienterte om at dette kjem i informasjonsbrevet omtalt lengre oppe.

#### Studentar

Sjå orienteringa frå FHI under avsnitt fire.

<https://www.fhi.no/nyheter/2021/apner-opp-for-a-prioritere-ansatte-i-barnehager-og-skoler-i-vaksinekoen/>

[Regjeringen åpner for å prioritere ansatte i barnehager og skoler i vaksinekøen - regjeringen.no](https://regjeringen.no/nyheter/2021/apner-opp-for-a-prioritere-ansatte-i-barnehager-og-skoler-i-vaksinekoen/)

#### Dei under 18 år

Førebels er det berre Pfizer som er godkjend for bruk på dei under 18, men det er venta at Moderna (Spikevax) òg blir godkjend for dei under 18 i løpet av sommaren. FHI sa på møte i går at dei jobbar med eit oppdrag no som gjeld utgreiing av vaksinering av 16- og 17-åringar, og som dei snarleg vil levere til regjeringa. Dei kunne ikkje seie noko meir om dette før regjeringa har teke avgjerd i saka.



### 7. Endringsforskrift om unntak for beskytta helsepersonell

Tysdag denne veka kom det beskjed om endring i covid-19-forskrifta § 6k, der ny tekst i tredje ledd seier: *Fullvaksinert helsepersonell fra Sverige og Finland som er ansatt i norsk helse- og omsorgstjeneste gis unntak fra innreisekarantene. Unntaket gjelder fra det tidspunkt arbeidsgiver informeres om at helsepersonellet har til hensikt å benytte unntaket.*

Som før er det arbeidsgjevar som må innhente og vurdere dokumentasjon på dette.

Spørsmål frå Øystein Furnes – kommuneoverlege i Sunnfjord kommune:

Fullvaksinert helsepersonell frå Sverige og Finland har uansett eit gyldig koronasertifikat, treng dei då dette unntaket?

Svar etter nærmare undersøking:

Vi trur at det her har vore to parallelle løp i lovgivinga for å sikre at helsepersonell skal få enklare innreise til Noreg.

- Unntaket om fullvaksinert helsepersonell frå Sverige og Finland tok til å gjelde frå tysdag. Tanken har nok vore å kunne gjøre unntak for innreisekarantene for desse på grunnlag av vaksinering i heimlandet, i ei tid før Noreg anerkjente Sverige og Finland sine vaksinebevis (det vil seie før Sverige og Finland sine vaksinebevis blei ført opp i forskriftas vedlegg D)
- På tysdag vart Sverige sitt vaksinebevis ført opp i vedlegg D, så unntaket var allereie då overflødig for Sverige sin del. Men ettersom Finland framleis ikkje var nemnd i vedlegg D, så kunne finsk helsepersonell verte unntak i innreisekarantene, jf. § 6k.
- No er «framvising av sertifikat i samsvar med EUs digitale koronasertifikat» lagt inn i vedlegg D som ein godkjent måte å verifisere vaksinestatus på. Med andre ord vil nok unntaket i § 6k som gjeld Svensk og Finsk helsepersonell vere ganske kortlevd, ettersom alle som på ein godkjend måte kan bevise å vere fullvaksinert vil vere unntak i innreisekarantene jf. covid-19 forskriften § 4 fjerde ledd.

### 8. Koronasertifikat klart i EU/EØS-versjon (Sjur/Jon)

Frå i dag blir det norske koronasertifikatet harmonisert med EU/EØS. Det betyr at koronasertifikat kan brukast for reisande til Noreg frå dei EU/EØS-landa som har kopla seg til løysinga, og som har EU-koronasertifikat med QR-kode. Frå 1. juli vil europeiske land som er kopla til løysinga kunne verifisere det norske koronasertifikatet på sine grenser. Meir informasjon finn de her:

[Koronasertifikat klart i EU/EØS-versjon - Helsedirektoratet](#)

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/norge-blir-en-del-av-eus-løsning-for-koronasertifikater/id2863309/>

### 9. Smittevern ved besøk i kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar

Vi får med jamne mellomrom klagar frå pårørande som reagerer på manglende oppmjuking av smitteverntiltak i KHO-institusjonar, først og fremst sjukeheimar, og at dei ikkje opplever at det blir enklare å besøke bebuarane der, til tross for gjenopninga av samfunnet elles. Det er veldig god vaksinasjonsdekning blant bebuarar på sjukeheimar, og restriksjonar i besøk må grunngjevast ut frå smittesituasjonen i samfunnet og risikoene for den einskilde bebuar. Det er leiinga ved institusjonen som har ansvaret for denne vurderinga ut frå kravet til forsvarleg verksemd, men vi oppmodar helsejefar og legar med ansvar for smittevern i kommunen om å følgje med på dette, og at tiltaka



## Statsforvaltaren i Vestland

ikkje er meir inngrøande enn naudsynt, men at dei står i forhold til smitterisikoen. Vi legg ved lenkje til FHI og Hdir sine rettleiarar, som har eigne råd for vaksinerte bebruarar:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/besok-kommunale-helse-og-omsorgsinstitusjoner/>

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/besok-pasienter-og-beboere>


## 10. Smittevernkonferanse hausten 2021 - Skabbutbrot

Vi planlegg å ha smittevernkonferanse til hausten, 2. november på Skei og 3. november i Bergen, om smittesituasjonen tillèt det. Alternativt blir det digitalt.

Vi har tenkt å ha litt andre tema enn covid-19, blant anna skabb. Det har dei siste åra vore aukande resistens mot behandling og det har vore mange utbrot, men vi har ikkje vore kjende med større utbrot det siste året, som kanskje òg heng saman med mindre tett fysisk kontakt. I tillegg til oppdatert kunnskap på området, ønskjer vi å ta med praktiske erfaringar med handsaming av større utbrot.

Viss nokon har praktisk erfaring med dette og er villig til å ha ein kort presentasjon om dette til hausten, så ta kontakt med Gudmund Øvsthus ([guovs@statsforvalteren.no](mailto:guovs@statsforvalteren.no)) eller Jon Andreas Bratberg ([joabr@statsforvalteren.no](mailto:joabr@statsforvalteren.no)).

## 11. Epidemiologisk rapport



Detaljert oversikt i Sykdomspulsen: <https://spuls.fhi.no>

Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>

Fylkeslegens vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderinger/>